

Post 9

1. Kva heiter Ronja Røverdatters beste venn?

- a. Birk
- x. Bark
- b. Trym



2. Kva heiter gapet som deler Mattisborga i to?



- a. Bjørnegapet
- x. Løvegapet
- b. Helvetesgapet



Motiverande postar gjer turen meir spennande.

Vi er inne i ein periode med strålende ver. Det er skreddarsydd for kjekke uteaktivitetar både på stranda og til fjells. Naturen innbyr til flotte turopplevingar, og svært kjekt er det at både mange foreldre, barnehage og skule stimulerer denne turinteressa hos barna. I dag, og dei nærmaste dagane framover, kan ein oppleve noko sa spennande som rebusløp til Låganåso.

Det er Janne Gloppen Hjørnevang som har laga og hengt opp postane opp til Låganåso, for å motivere dei yngste til turen. Då eg tok kontakt med ho, kosa dei seg med bål og bada i elva på Låganåso. Dei hadde det aldeles strålende; - store som små.

Janne fortel at ho kan la postane henge oppe til over helga, og fasiten kan ho leggje i postkassen på toppen.

Ho anbefaler dei som vil bruke rebusløypa til å ta med penn og papir.



Kaffi og kos høyrer med.

Eg gjer uttrykk for at eg er imponert over initiativ, kreativitet og innsats, men Janne avviser at det ligg mykje jobb bak dette. Vi er i alle fall heldige i Uskedalen som har mange som bidreg til eit flott og aktivt oppvekstmiljø for barna i bygda vår.

Så får vi håpe at mange får ei spesiell turoppleving til Låganåso dei nærmaste dagane!

Post 3

1. Kven har skrevet barneboka "heksene"?

- a. Astrid Lindgren
- x. Roald Dahl
- b. Hans Sande



2. Kva var tittelen på den første filmen om Narnia (2005) "løven, og klesskapet"

- a. Ulven
- x. Beveren
- b. Heksa



Rebusløp er kjekt for både store og små!

Foto: Janne Gloppen Hjørnevåg.
Tekst og nett: Thor Inge Døssland.